



## ORIENTERINGSSAK

**Frå:** Utvikling

**Sak:** Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2018

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd / Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/1255	12814/2018	144	UTV/BERSKE	18.09.2018

### **Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv - oppstart av planarbeid**

I kommunal planstrategi for Volda kommune, vedteken 2.3.2017, er det fastsett at kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2014-2018, skal rullerast i 2018.

Kommunedelplanen blei sist revidert i 2014, og planen var gyldig for perioden 2014 - 2018. Det er difor nødvendig å revidere planen og gjennomgå status og behov for anlegga for idrett og fysisk aktivitet. Ein oppdatert plan er føresetnad for å søke om spelemidlar til idrett og fysisk aktivitet.

### Mål

Mål for arbeidet er å gjennomføre hovudrullering av kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø. Kommunen sin visjon, mål og strategiar for idretts- og friluftslivspolitikkk skal gå tydeleg fram i kommunedelplanen.

### Organisering

Planleggar ved Sektor for utvikling skal ha rolla som prosjektleiar. Det vil bli sett ned ei tverrfagleg prosjektgruppe med personar frå plan, kultur, oppvekst, helse, teknisk, folkehelsekoordinator, barnerepresentant og idrettsrådet, som har ansvar for å utarbeide forslag til plan. Formannskapet skal vere politisk styringsgruppe for planarbeidet.

### Framdriftsplan

Hovudrullering inneber full gjennomgang av planen med sakshandsaming etter reglane i plan- og bygningslova. Ein ser føre seg slik framdrift av planarbeidet:

Tidspunkt	Aktivitet
September 2018	Orientering i formannskapet
Oktober 2018	Utarbeiding av forslag til planprogram
November - desember 2018	Offentleg ettersyn og høyring av planprogram
Desember 2018	Fastsetjing av planprogram
Januar 2019	Gjennomgang av innspel
Februar – mars 2019	Utarbeiding av forslag til plan
Mars 2019	Handsaming av forslag og utlegging til offentlig ettersyn
April – mai 2019	Offentleg ettersyn
Mai – juni 2019	Gjennomgang og vurdering av merknader
Juli 2019	Omarbeiding av plan
August – september 2019	Godkjenning av plan



## VOLDA KOMMUNE

### Medverknad

Det vil bli lagt til rette for brei medverknad, slik at lag og organisasjonar, enkeltpersonar og andre interessegrupper kan kome med innspel til planarbeidet.






---

Vedlagt følger planstatus for planar etter plan- og bygningslova, jf. kommunal planstrategi.

## Planstatus i høve til kommunal planstrategi for planar etter plan- og bygningslova

Tabellen nedanfor viser status for planar etter plan- og bygningslova.

Kort oppsummert, så har ein ferdigstilt/avslutta fire planar, det er varsla oppstart for to planar, ein har planar om oppstart av tre planar hausten 2018, to planar skal ut på høyring hausten 2018, og ein har 13 planar som ikkje er oppstarta.

	Ferdig plan		Varsla oppstart		Oppstart hausten 2018
	Høyring hausten 2018		Ikkje oppstarta		

Overordna planar	Ansvar	Status
Heilskapleg ROS	Utvikling/plan	Oppstart hausten 2018
Samfunnssikkerhet og beredskap	Rådmannen	Ventar på revisjon av heilskapleg ROS
<b>Kommuneplan</b>		
Kommuneplanens samfunnsdel 2016-2028	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta. Ny samfunnsdel bør utarb. i samb. med kommunesamanslåing. Ikkje oppstarta
Kommuneplanens samla arealdel	Utvikling/plan	Høyring hausten 2018
<b>Kommunedelplanar - areal</b>		
Kryssing av Voldsfjorden	Utvikling/plan	Planprogram er vedteke. Uavklara vidare prosess. Prioritering ?
Mork og Furene / Hovdebygda	Utvikling/plan i samarb. med Ørsta kommune	Ikkje oppstarta
Krøvelseidet	Utvikling/plan i samarbeid med Ørsta kommune	Ikkje oppstarta
<b>Kommunedelplanar - tema</b>		
Kystzoneplan	Utvikling/plan	Inngår i arealdelen
Trafikktryggingssplan	Utvikling/plan	Høyring hausten 2018
Klimaplan	Utvikling/plan	Oppstart hausten 2018
Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	Utvikling/plan	Oppstart hausten 2018
Vatn og avløp	Teknisk	Ferdig. Avslutta
Veg	Teknisk	Ikkje oppstarta.
<b>Reguleringsplanar</b>		
Turveg Rotevatnet	Utvikling/plan	Ferdig. Avslutta
Urbakkfoten	Utvikling/plan	Ferdig. Avslutta
Lisjenakkevegen – Solhøgda	Utvikling/plan	Varsla oppstart
Del av Kleppevegen	Utvikling/plan	Varsla oppstart
Sevrinhaugen-Kleppevegen	Utvikling/plan	Ferdig. Avslutta
Røyslida-Smalebakken	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Ny barnehage i sentrum	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Ungdomsskulen	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Sentralreinseanlegg	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Vassverk	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Gangtilkomst mellom Campus og sentrumskjernen	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Ny plan for sentrumskjernen	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Torvmyrvegen med tilgrensande areal	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Volda sentrum (S.H. Halkjelsvik veg, Skjervavegen mm.)	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Campusområdet	Utvikling/plan	Vedtatt plan for VCA Mediabygget er det ikkje plankrav for